

**Tilbakemelding på Asplan Viak rapporten «Sluttrapport - Uavhengig gjennomgang av saksbehandling av mindre avløpsanlegg i Sunnfjord kommune»
- kontrollutvalet 10.10.2024**

Notat frå Kommunedirektøren:

Inndeling:

1. Tiltak for å sikre at sakshandsaming av søknadar og vilkåra i utsleppsløyva er i samsvar med krava i forureiningsforskrifta
 2. Avklaring av spørsmål og problemstillingar tekne opp i Asplan Viak rapporten
 3. Klager og vurdering av førespurnadar om erstatning
-
1. Tiltak for å sikre at sakshandsaming av søknadar og vilkåra i utsleppsløyva er i samsvar med krava i forureiningsforskrifta

- 1.1. Gjennomgang og endring av vilkår som ikkje er fastsett i forskrift eller grunngjevne i utsleppsløyva

Av 78 løyve er 35 utsjekka til å vere i samsvar med generelle krav i forskrifta, 30 løyve er endra ved at det er fjerna krav til uttrykkingstid ved feil, prøvetaking og analysar av avløpsvatn, og krav om rapportering til kommunen på ein del område. Dei resterande løyva knyter det seg ein del andre vilkår til som ikkje er dokumentert etterkomne. Kommunen vil oppdatere desse utover hausten.

- 1.2. Nye rutinar/prosedyre for sakshandsaming av utsleppsløyve - hovudpunkt/endringar

Administrasjonen har utarbeidd rammene for nye rutinar og prosedyre for sakshandsaming av innkomande søknadar om utsleppsløyve, og ny mal for utsleppsløyva. Arbeidet med å formalisere og godkjenne nye rutinar og prosedyre vil starte opp i oktober.

Hovudpunkta/endringane er:

- Innkommande søknadar skal først klassifiserast etter inndelinga i forureiningsforskrifta, som gjev vidare føringar for reinsekrava

- Sakshandsamar skal forvisse seg om at tiltakshavar og prosjekterande/sakkyndig har vurdert om infiltrasjonsanlegg er eigna, og at det ikkje er søkt om overdimensjonert anlegg eller dimensjonering av anlegg som medfører krav om hyppige ekstratømmingar. Sakshandsamar skal også kontrollere at tiltakshavar og prosjekterande/sakkyndig har utarbeida og sendt inn fullstendig dokumentasjon.
- Sakshandsamar skal gje skriftleg tilbakemelding på om omsøkt reinsegrad er i samsvar med krava på utsleppsstaden, jf. rettleiingsplikta.

1.3. Ny mal for innhald i bygge- og utsleppsløyva for avløpsanlegg

- Oppdatert føring på kva krav som er skal setjast i byggeløyva etter plan- og bygningslova, og kva krav som skal setjast i utsleppsløyva etter forureiningslova
- Løyvet skal innehalde informasjon om kva reinsekrav som gjeld (forskrifta set ulike reinsekrav for ferskvatn/sjø, bruksinteresser, dårleg økologisk tilstand m.m.)
- Alle krav ut over standardkrav i forskrifta skal grunngjevast (t.d. strengare krav grunna fare for ureining av drikkevatn, utslepp nær badeplassar m.m.)
- Alle driftskrav som t. d. tømmefrekvens av slamtankar og serviceavtale for minireinseanlegg skal komme fram av løyvet

1.4. Informasjonsmøte for bransjen

Administrasjonen vil invitere lokale verksemder som er aktørar i bransjen «mindre avløpsanlegg» til informasjonsmøte i haust for orientering om nye rutinar, og kommunen sine forventningar til bransjen.

2. Avklaring av spørsmål og problemstillingar tekne opp i Asplan Viak rapporten

2.1. Kap 5.7 i Asplan Viak (AV) rapporten «Ulike krav som har gitt økte kostnader til etablering og drift»

2.1.1. AV rapport kap. 5.7.1. «Krav til årleg prøvetaking av anlegg»

Kommunedirektøren deler Asplan Viak sin vurdering av at kommunen ikkje bør stille eit generelt krav om årleg prøvetaking av kap. 12 avløpsanlegg. Kommunen har gått gjennom alle løyve gjevne etter 2020 og gjort vedtak om fjerning av krava om prøvetaking og analyse av avløpsvatnet. Eventuelle tilsvarande krav i løyve gjevne før 2020 vil verte fjerna dersom det skulle oppstå spørsmål kring desse.

2.1.2. AV rapport kap. 5.7.1 «Krav til slamsikringskum i infiltrasjonsanlegg»

Kommunedirektøren deler Asplan Viak sin vurdering av at kommunen ikkje bør stille eit generelt krav til slamsikringskum for infiltrasjonsanlegg. Det kan vere aktuelt med slamsikringskummar, men då ut frå individuell vurdering, og kravet skal vere grunngjeve i løyvet. For alt etablerte anlegg rår kommunedirektøren frå at ein gjer endringar. Drift av slamsikringskum vil det vere lite kostnadar med, men kommunen vil ta opp med Sunnfjord Miljøverk rutinar for tømning og gebyrfastsetjing for avløpsanlegg med slamsikringskummar. Fjerning av alt etablerte slamsikringskummar vil etter vår vurdering utløyse krav om ny søknad, ny vurdering og nytt løyve etter forureiningsforskrifta.

2.1.3. AV rapport kap. 5.7.3 «Krav til innmåling av ledningsnett og utslippssted»

Kommunedirektøren ser at krav og kravsformuleringane kan ha vore uklare og ulike. I ny mal for byggeløyve for avløpsanlegg vil kravet vere kart i målestokk med innteikna hovudkomponentar som røyrføring, slamavskiljar, infiltrasjons-/reinseanlegg og evt. utsleppsstad.

2.1.4. AV rapport kap. 5.8 «Andre registreringer knyttet til saksbehandling av utslippssøknadar»

- Dei nye retningslinene legg opp til skriftlege svar på førespurnadar
- Alle involverte partar skal stå på adresse eller kopiliste for tilbakemeldingar frå kommunen
- Kommunen vil sjå på meir tilrettelagt informasjon til ulike aktørar som søkjar, tiltakshavar og nøytrale fagkyndige. Dette arbeidet vil vi starte opp etter at nye rutinar, prosedyre og malar er på plass. Sjå òg om planlagt informasjonsmøte med bransjen omtala i punkt 1.4 ovanfor
- Etter dei nye rutinane skal kommunen gje tilbakemelding til søkjar dersom kommunen meiner søkjar bør vurdere nærare om løysinga gjev best kost/nytte for eigar innanfor krava som forureiningsforskrifta set, til dømes dersom det er søkt om det som kan sjå ut som meir omfattande reinseløysing enn det brukar-interessene og resipienttilhøva på staden skulle tilseie
- Arbeid med ny VA-norm for mindre avløpsanlegg vil administrasjonen komme tilbake til etter ny vurdering

2.2. Kap. 7 i Asplan Viak (AV) rapporten «Evaluering og oppsummering»

2.2.1. AV rapport kap. 7.1 og 7.2 om kommunen si rettleiingsplikt og uavhengige fagkyndige sin kompetanse og ansvar for val av avløpsløysingar. Kapitlet dreier seg om saker der det ikkje er valt infiltrasjonsanlegg og AV evaluerer kommunen

AV tar utgangspunkt i at dersom grunnforholda er egna, vil infiltrasjonsanlegg generelt vere ei rimeleg, enkel og driftssikker løysing, som støtter utsleppskrava. AV har gjort undersøkingar og konkluderer med at infiltrasjonsanlegg kunne vore egna i 13 av 32 saker der det er vald ein annan løysing enn infiltrasjonsanlegg.

Kommunedirektøren er samd i at rettleiinga frå kommunen i desse sakene kunne ha lagt meir vekt på om tiltakshavar og fagkyndig/prosjekterande har vurdert om omsøkt reinseløysing var den rette i kvart enkelt tilfelle. Samstundes er det kommunen si rolleforståing at ansvarleg søkjar og nøytral fagkynding har hovudansvaret og skal ha kompetanse til å søkje om den løysinga som gjev best kost/nytte for eigar innanfor krava som forureiningsforskrifta set. Tiltakshavar og ansvarleg fagkyndig bør også kunne vurdere om det er grunnlag for å klage på avslag eller vilkår dei meiner er urimelege. Ei utfordring for Sunnfjord kommune

er at det er få aktørar lokalt som har særleg erfaring og kompetanse på infiltrasjonsanlegg. Kommunen har etter sommaren sett at enkelte aktørar har prøvd å ta tak i dette ved knyte seg opp mot andre lokale aktørar med meir erfaring med infiltrasjonsanlegg. Dette er tiltak som kommunen ser positivt på som eit steg til å betre bransjen sin kompetanse og erfaring på området.

2.2.2. AV rapport kap. 7.3 «Evaluering av krav til etterpolering»

Det går fram av rapporten at kommunen har stilt krav om etterpolering av avløpsvatnet frå minireinseanlegg.

Sidan 2020 har Sunnfjord kommune godkjent 20 søknadar om løyve til minireinseanlegg med etterpolering. Kommunen har òg godkjent søknad om løyve til sju NatuRen avløpsanlegg/våtmarksanlegg med etterpolering. Desse er ikkje definert som minireinseanlegg etter forskrifta, men kan dokumentere tilsvarende reinsegrad som minireinseanlegg. Bakgrunnen for at det er søkt om godkjenning med etterpolering er at ansvarleg søkjar/fagkyndig meiner kommunen har stilt krav om etterpolering i dialogen fram mot søknad. Gjennomgangen av sakene viser at kommunen har meint at det bør vere etterpolering på grunn av fleire tilbakemeldingar kring om i landet om at enkelte minireinseanlegg ikkje når det reinsekravet SINTEF-sertifiseringa tilseier.

Kommunedirektøren deler AV sin vurdering om at etterpolering må vurderast konkret i den enkelte sak ut frå brukarinteresser og fare for eutrofiering. Konkret vurdering vil bli sikra gjennom dei nye sakshandsamingsrutinane.

2.2.3. AV rapport kap. 7.4 «Evaluering av resipientvurderingar og fastsettelse av utslippskrav»

Kommunedirektøren deler AV sine vurderingar, og etter dei nye rutinane skal reinsekrava setjast ut frå den aktuelle resipienten sin tåleevne, og eventuelt andre brukarinteresser som t.d. fare for forureining av drikkevatt. Konkret vurdering vil bli sikra gjennom dei nye sakshandsamingsrutinane.

2.2.4. AV rapport kap. 7.5 «Evalueringa av kommunens saksbehandling»

- Kommunen skal vurdere trong for etterpolering konkret i den enkelte sak og eventuelle krav til etterpolering skal grunngjevast i løyvet
- Faglege resipientvurderingar vil inngå i dei nye sakhandsamingsrutinane
- Kommunen har styrka sakshandsamingskapasiteten og -kompetansen for søknadar om utsleppsløyve
- VA-norm for mindre avløpsanlegg. Administrasjonen vil ta ein ny gjennomgang av dette arbeidet sett opp mot dei nye sakshandsamingsrutinane

3. Klager og vurdering av førespurnadar om erstatning

Kommunen har motteke 9 klager/krav om økonomisk kompensasjon som tek utgangspunkt i kommunen sin saksbehandling av søknader om utslepp.

Tilbakemeldingane går i all hovudsak på sakshandsaminga inkl. rettleiing fram til vedtak, og går frå synspunkt/merknadar via førespurnadar om tilbakemelding på ulike faglege spørsmål, til førespurnad om økonomisk kompensasjon for høge driftskostnader og/eller investering. Dette grunna det som i tilbakemeldingane vert omtala som «unødig dyre avløpsanlegg».

Sakene er under vurdering og meldt inn til kommunen sitt forsikringsselskap for eventuell dekning gjennom kommunen sin ansvarsforsikring. Administrasjonen vil følge opp sakene.

Generelt vil kommunen kunne bli erstatningsrettsleg ansvarleg for skade som skuldast at kommunen er uaktsam og går utanfor det som er rimeleg å rekne med etter arten av verksemda eller saksområdet. Det er dermed reglane for erstatning som trekker opp rammene for når innbyggjarar vil kunne krevje kompensasjon for feil dei meiner kommunen har gjort.

Det grunnleggjande utgangspunktet er at den som meiner dei har lidit ein skade må fremme og godtgjere eit erstatningskrav. Dette inneber at ein må påvise eit økonomisk tap og at tapet skuldast aktløyse i kommunen. Eit krav må vidare ikkje vere forelda.

Av omsyn til likebehandling med andre saksområde meiner kommunedirektøren at vi må legge dei same, alminnelege rammene- og den same framgangsmåten til grunn for eventuelle erstatningskrav i desse sakene. Det inneber at tiltakshavarar som meiner dei er påført eit tap som

følgje av kommunen sin saksbehandling, må rette eit dokumentert krav mot kommunen.

Kommunen vil sende eit likelydande brev med denne orienteringa til alle tiltakshavarar med søknader som har vore omfatta av gjennomgangen til AV. I sin gjennomgang av sakene, har AV gjort undersøkingar på enkelte eigedommar og gjennomført intervju med tiltakshavarar og fagkyndige/prosjekterande. Tiltakshavarane vil kunne ta kontakt med kommunen for å få tilsendt informasjon om sin reinseløysing som AV har lagt til grunn i sine vurderingar. Kommunen vil også kunne gje generell informasjon om erstatningsreglane og forureiningsregelverket.